



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 20.01.2015
Vår ref.: 2015/482-4
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.: 2014/115979-4

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid Fv 57 Lindås tettsted - Mongstad

Vi viser til brev datert 13.01.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for FV 57 Lindås tettstad – Mongstad. Hovudføremålet med reguleringa er å utbetre eksisterande fylkesveg og etablera ein parallell gang og sykkelveg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til veg. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

Meir om friluftsliv:

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at planområdet omfattar delar av det regionale friluftsområdet Gjerdevågen- Rossnesvågen. Vi ber om at ein har omsyn til dette i det vidare planarbeidet.

Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Etter ei vurdering av planområdet finn vi det naudsynt å gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen,

for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven. Det er ofte føremålsteneleg å få området registrert før planen er ferdig utforma for å kunne ta omsyn til eventuelle konfliktar med automatisk freda kulturminne.

Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadene med ei eventuell registrering, jf. kulturminnelova §§ 9 og 10. Vi vil og minne om at vi har ein lovfesta tidsfrist på inntil 3 + 1 månader etter at reguleringsplanen er lagt ut til offentleg høyring, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa av det aktuelle området vil verte gjort så raskt som råd, men er avhengig av bår og frostfri mark.

Vi gjer vidare merksam på at det er kjent fleire SEFRAK-registrerte bygningar innanfor planområdet. Desse må omtalast og takast omsyn til i planarbeidet, og verneverdi bør vurderast.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming

Marit Rødseth
plansjef

Hanne K. Vie
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Gunhild Raddum, Transportseksjonen, Samferdselsavdelinga

Heidi Handeland, Kulturminnevern og museum, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Lindås kommune Kvernhusmyrene 20 5914 ISDALSTØ